



Jeanett Jul-Rasmussen, leiar i FAU

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3445 - 14/26475

Saksbehandlar:

Kari Misje Fjellanger

kari.misje.fjellanger@lindas.kommune.no

Dato:

26.11.2014

Referat frå skulemiljøutvalet 19.11.2014

Til stades: Jeanette Jul-Rasmussen, Frank Vangberg, Torild Herstad, Åse Hagesæter, Mathias T.Haugse, Vegard T. Steine, Stig Inge Hølleland, Lillian Halland, Ingrid J.D. Fjeldsbø, Henriette Rolland og Kari M. Fjellanger.

Sak 1- 14/15: **Konstituering.**

Leiar: Frank Vangberg

Nestleiar: Henriette Rolland

Skrivar: Kari M. Fjellanger

Sak 2- 14/15: **Skriv og meldingar.**

Nytt frå: FAU: Dei er godt i gang, har allereie hatt 2 møte og arrangert farsdagslotteri. Elevrådsrep. MÅ melde tilbake til elevrådet at det er altfor mange elevar som ikkje leverer tilbake loddbøkene. FAU «har gått glipp» av ca. 9000 kr. p.g.a. dette. Dette er pengar som går til leirskuleopphaldet for 10 kl. kvar haust. Ellers skal FAU delta på bl.a eventyrkveld, kabaret og 17. mai. Dei har og diskutert skuleruta for 2015/2016 og gått gjennom elevundersøkinga for LUS hausten 2014.

Skulen: LUS har fått nyoppussa fasade, det eine fotballmålet har fått nytt nett, og vi ventar på nye volleyballstenger.

Gartnarar er i gang med uteområdet. Det skal ryddast og bl.a. fellast nokre tre.

Skuleruta 15/16. Dette er forslaget til endringar: Elevane byrjar på skulen 13 aug. og sluttar 18 des før jul, vinterferie v. 7.

Rektor gjekk gjennom resultatata av årets elevundersøking.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Elevrådet: Dei har av ulike grunnar ikkje er kome skikkeleg i gang, men har arrangert OD dagen. Dei fleste elevane deltok og til neste år bør elevane prøve å få seg arbeid utafor heimen.

Elevane har ynskje om amerikansk fotball, få ordne bordtennisborda og få nye basketballkorger.

Lindås kommune: Ikkje noko spesielt å melde.

Sak 3- 14/15: **Leksehjelp:** Skal opp i levekårsutvalet.

Elevar kan bruke mediateket her på skulen tirs. og tors. etter skuletid.

Sak 4- 14/15: **Uteområdet,** dugnad..vert teke oppatt på møte til våren.

Sak 5- 14/15: **Ungdomsklubb:** Det vart diskusjon ang. ungdomsklubb på Lindås.

Er Lindåshallen ein eigna stad eller er det gamle klubbhuset til LIL eit betre lokale? Frank undersøker om det er muleg å bruke klubbhuset.

Kva med alkoholfrie tiltak på tvers av kommunane? Det krev at vaksne stiller opp.

Sak 6- 14/15: **Eventuelt,** ingen saker.

Med helsing

Kari Misje Fjellanger
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

